

Møtereferat

FAU
Sund ungdomskule

Dato: **05.05.26**
Møteleder: **Bente Blomvågnes-Bakke**
Referent: **J. Håkonsund**



	Representant		Vara	
8A	Marianne Glesnes		Lisbeth Hjelle	
8B	Margrethe Fikse	X	Margriet Tøgard	
8C	Ingvild Bessesen Eide	X	Mariell Høyland	
8D	Roger Førde		Margun Wikum Olsen	
8E	Liv Toril Furuset Golf	X	Anette Hammersland	
9A	Jannicke Håkonsund	X	Kristin Skage	
9B	Charlotte Solsvik	X	Michael Grote	
9C	Luminita Simona Mihaila		Kari-Anne Glesnes	
9D	Hilde Bakke Howard		Joni Risa	
9E	Jeanette Forland	X	Cecilie Kalvik	
10A	Kjetil Klepsvik	X	Inge Vik	
10B	Jeanett Angeltveit		Marita Hamre	
10C	Ida Einebærholm	X	Sølve Golten	
10D	Bente Blomvågnes-Bakke	X	Miriam Haugstad Blomvågnes	
10E	Jørgen Kausland	X	Silje Bøthun	
Rekt.	Anne Hufthammer	X		
Rådg				

1. Godkjenning av innkalling, referat og sakliste – godkjent
2. Status arbeidsgrupper
 - a. Sponsorgruppa - ingenting nytt å melde
 - b. Trafikkgruppa – ingenting nytt å melde, men Kjetil hører med Robert om ein ny status
 - c. Øygarden KFU
 - i. Årsmøte 8.juni kl 19 på Rådhuset
 - ii. Jobbar for smartmobilfri barndom og aldersgrense på 13 år (<https://www.smarttelefonfribarndom.no>). På ungdomsskulen fungerer det fint med mobilhotell, men mistenker at nokre få elevar har fleire mobilar og leverer inn den gamle.
 - iii. FAU og KFU har sendt inn høyringsinnspel i saka om lærarnorma
3. Spondgrupper for alle klassane – rundt 200 stk har sett innlegget om FAU møtet.
4. Skuleball
 - a. Skuleballet blir 4.juni, og vil ha eit Hawaii-tema der det også vil bli gjenbruk av pynt.
 - b. Låner gjerder av Ungdomshuset, Kjetil tar ansvar for dette.
 - c. Charlotte og Ida tar ansvar for å utarbeida reglar i forkant av skuleballet, og gir forslaget til rektor før 17.mai. Desse reglane vil bli delt med elevar og foreldre, og foreldrevaktene skal vere klar over reglane. FAU skal vere meir synleg i arrangementet, og vil i lag med rektor ta ein gjennomgang med vaktene på førehand.
 - d. Bente ordnar med påmelding av vakter i spond. Vi treng 4 vakter pr klasse.
 - e. Spørsmål til elevrådet: er det ein ide med rabatterte førehandsselde billettar? Premie trekt på dei førehandsselde billettane?

5. Status på oppfølging etter elevundersøkinga – Det er ikkje mogleg å sjå kva klassane har svart kvar for seg når det gjeld mobbing, og heller ikkje mogleg å sjå kvifor tiande har så stort avvik frå dei andre trinna på svara sine. Det vil bli utført ei kort undersøking via Google på dei same spørsmåla som i Elevundersøkinga for å sjå om svara er like eller om det har endra seg. Elevane er anonyme, men skulen vil kunne sjå kva klasse dei kjem frå.
6. Innkjøp av sommargåve – Charlotte tar ansvar for å kjøpe inn sommargåve. Forslag å gi denne gåva litt før skuleslutt, for eksempel 8.juni.
7. FAU ynskjer politi og brannvesenet inn i dei fyrste foreldremøta for å snakka førebygging.
8. Informasjon frå rektor
 - a. 10.trinn har fått besøke VilVite og Naturhistorisk museum.
 - b. Har deltatt på Energimessa – det vart ingen pris denne gangen, men bra innsats.
 - c. 9E hadde ein draumedag med MOT – sponsa av Just Padel på Straume. Det vart turnering og quiz.
 - d. Skulen har hatt besøk av Andre Ulvesæter, som hadde foredraget «Kampen mot særskrivingsfeil».
 - e. Erasmus:
 - i. Jobbskugging Bulgaria – ein skule for flinke elevar. Fekk sjå mykje, men berre det som var bra
 - ii. Jobbskugging Finland – ein skule med fokus på lesing. Veldig bra bibliotek, praktiske fag, varm mat i kantine kvar dag.
 - iii. Brussel – Nokre elevar frå skule fekk reise til Brussel, der dei møtte elevar frå Finland og Nederland.
 - f. Status etter ønskeliste på utstyr til skulen – har fått inn lego, fiskestang, brettspel, ein innesykel til gymsalen, ein saccosekk til basen og to oppblåsbare sup-brett. Dette hjelper skulen til å laga undervisninga meir variert og praktisk. I tillegg har skulen kjøpt ein del anna utstyr frå det resterande støtta frå Udir. Kommunen har søkt om ny støtte for neste skuleår.
 - g. Prosjektveka – det blir prosjektveka i veke 40, med framsyning på Panorama. Det blir ein ekskursjon for alle gruppene. Skulen vil gå gjennom med elevane korleis dei skal oppføre seg i førekant av framsyninga, og ha rammer for kor dei kan få sitja. Håper foreldra også kan snakka med ungdommane sine i forkant.
 - h. Flagghising på ungdomsskulen 17.mai – Kjetil tar ansvar for flagghisinga
 - i. Informasjonsmøte for nye 8.klassar – blir i Strandahallen 15.juni.
 - j. Vitnemålsutdeling for 10.trinn – blir 18.juni. Har eit ynskje om eit møte med alle FAU representantar på 10.trinn. Foreslått ein onsdag.
 - k. MOT-undersøkinga 2025 – tala frå 2023 og 2024 til 2025 har gått mykje opp